



Bjørnafjorden kommune

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anette Heggøy, 55 57 23 05

Rapport etter tilsyn med avløpsanlegga i Os tettbygde område, Bjørnafjorden kommune

Kontrollnummer: 2025.263.I.SFVL

Denne rapporten gjeld tilhøve som vart funne på tilsyn 2. september 2025 hos Bjørnafjorden kommune (organisasjonsnummer: 894735252).

Rapporten har følgjande delar:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ei oversikt over resultatet av tilsynet og kva de må gjere innan gitte fristar. Nærare omtale er gitt i del 2.

Statsforvaltaren fann avvik som de må rette snarast

Statsforvaltaren fann følgjande avvik på tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda manglar miljørisikovurdering av sine aktivitetar
- Avvik 2: Verksemda si oversikt over utslepp frå leidningsnettet har manglar
- Avvik 3: Overføring av avløpsvatn frå Solstrandområdet er ikkje oppnådd innan fristen i løyvet
- Avvik 4: Verksemda si årsrapportering er mangelfull
- Avvik 5: Overløp før OHARA reinseanlegg vert ikkje medrekna i anlegget sin reinsegrad

Avvik er manglande etterleving av krav, fastsette i eller med heimel i lov.

Vi ser alvorleg på avvik 1 og 2. Dette er tilhøve som verksemda fekk avvik på også ved førre tilsyn. Kommunen har også fått fleire tilbakemeldingar om manglane knytt til avvik 2 i samband med den årlege eigenkontrollrapporteringa.

Bjørnafjorden kommune må rette opp avvika snarast. De må sende Statsforvaltaren ei skriftleg tilbakemelding som viser korleis avvika er retta innan **1. januar 2026**. Gjennomføring av tiltaka kan bli følgd opp med nytt tilsyn.

Statsforvaltaren gav merknader

Vi har følgjande merknader:

- Merknad 1: Verksemda manglar detaljerte planar for tiltak på avløpsnett

Merknad er eit tilhøve som vi meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

De kan få tvangsmulkt om avvika ikkje vert retta

Vi varslar at vi vil vedta tvangsmulkt for å sikre at avvik 1 og 2 i denne tilsynsrapporten blir retta. Tvangsmulkta vil påløpe dersom vi ikkje har motteke skriftleg dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen 1. januar 2026.

De må betale gebyr

Bjørnafjorden kommune må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet.

Vi ber om tilbakemelding på e-post

Vi ber om at de sender all skriftleg tilbakemelding til [svfpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no) og merkar e-posten med saksnummer 2020/4007.

Del 2: Statsforvaltaren si vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda manglar miljørisikovurdering av sine aktivitetar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 2.1 generelle tilhøve
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

Om krava

I samsvar med løyvet punkt 2.1 skal det gjennomførast miljørisikoanalyse av verksemda. Analysen skal kartlegge tilhøve knytte til avløpsanlegga som kan føre til forureining, og på bakgrunn av dette vurdere risiko. Risiko som overskrider akseptkriterier skal følgjast opp i ein forpliktande handlingsplan og tiltak skal gjennomførast for å redusere risikotilhøva. Vurderingane skal oppdaterast jamleg og ved vesentlege endringar.

Løyvet stiller vidare spesifikke krav om at det i samband med bygging av nytt hovudreinseanlegg, vert gjennomført nye risiko- og sårbarheitsvurderingar for anlegga.

Krav om risikovurderingar og tiltaksplanar følger også av internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Kommunen kunne ikkje vise fram miljørisikovurderingar for det samla avløpssystemet (reinsanlegget og transportsystemet), i Os tettbygde område. Dette mangla også ved førre tilsyn med kommunen i 2020.

Statsforvaltaren tilrår at Norsk Vann rapport 197/2013 « Avløpsanlegg – vurdering av risiko for ytra miljø» blir nytta som rettleiing ved utarbeiding av miljørisikovurderinga.

Avvik 2. Verksemda si oversikt over utslepp frå leidningsnett har manglar

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 2.2.3 om krav til utslepp via overløp
- Utsleppsløyvet punkt 2.2.4 om verknadsgrad for avløpsnett
- Utsleppsløyvet punkt 14.2 om årleg rapportering
- Forureiningsforskrifta § 14-5

Om krava

Utsleppsløyvet punkt 2.2.3 og forureiningsforskrifta § 14-5 stiller krav om at kommunen skal ha oversikt over alle overløp på avløpsnett. Driftstida på alle overløp skal registrerast eller utrekna for eit dimensjonerande år. Ifølge utsleppsløyvet punkt 2.2.3 skal dei samla mengdene utslepp via overløp vera under 2 prosent over året innan 31. desember 2020.

Utsleppsløyvet punkt 2.2.4 stiller vidare krav om at verknadsgraden til avløpsnett skal dokumenterast. Utslepp på grunn av feilkoblingar, lekkasjar eller utslepp som kjem av tilstoppingar skal ikkje redusere verknadsgraden med meir enn 5 prosent fram til 31. desember 2025 og deretter maksimalt 3 prosent over året.

I samsvar med utsleppsløyvet punkt 14.2 skal det årleg rapporterast korleis avløpsnett fungerer, inkl. driftstid eller mengde avlasta via overløp og utrekning av innlekking og utlekking.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Kommunen har ikkje gjort vurderingar i rapportane av korleis avløpsnett fungerer opp mot funksjonskrava for overløp og verknadsgrad i utsleppsløyvet.

Kommunen har ikkje dokumentasjon som viser driftstid eller mengder overløp ved dei ulike overløpa på avløpsnett i Os tettbygde område. Dette mangla også ved førre tilsyn i 2020.

Kommunen rapporterte tal på verknadsgrad for avløpsnett i 2022 og 2023, men dei utrekna tala bygde på eit svært avgrensa datagrunnlag, og det var også feil ved utrekningane. Feilen vart påpeika i tilbakemeldinga frå Statsforvaltaren, men likevel ikkje retta opp til rapporteringa i 2023. I 2024 er det ikkje levert årsrapport frå kommunen, sjå avvik 4. På tilsynet viste kommunen fram førebelse utrekningar av leidningsnett sin verknadsgrad.

Avvik 3: Overføring av avløpsvatn frå Solstrandområdet er ikkje oppnådd innan fristen i løyvet

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 2.3 om krav til utslepp frå reinseanlegg
- Forureiningsforskrifta § 14-8

Om krava

Statsforvaltaren har gitt unntak frå sekundærreinsekravet for utslepp av avløpsvatn frå Os tettbygde område, jf. forureiningsforskrifta § 14-8. Avløpsvatnet for Os tettbygde område skal gjennomgå primærreinsing før utslepp til Bjørnafjorden, jf. forureiningsforskrifta § 14.2 og tabell 2 i løyvet. Reinsekrava for Os tettbygde område skal vere oppfylte seinast innan 31. oktober 2019.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Overføring av avløpsvatn frå Solstrand-området til OHARA er ikkje oppnådd innan fristen i løyvet. Forholdet er å sjå på som eit brot på kommunens utsleppsløyve. Utbygging av bustad- eller hytteområde (>50 pe) innanfor avløpssonen til desse reinseanlegga vil vere eit brot på løyvet.

Det vart på tilsynet opplyst at arbeidet med å knyte området til OHARA pågår. Det er venta at overføringa av alle anlegg (Moldegård, Bjånes, Solstrand) vil ferdigstillast ila 2027. Det er innført byggestopp i området inntil overføringa er ferdigstilt.

Avvik 4: Verksemda si årsrapportering er mangelfull

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 14.2, om årleg rapportering til Statsforvaltaren

Om krava

Utsleppsløyvet punkt 14.2 stiller krav om at kommunen innan 1. mars kvart år skal utarbeide ein årsrapport som skal dokumentere tilhøve på avløpsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking. Sjå utsleppsløyvet for nærmare krav til innhaldet i rapporten.

Til hjelp med rapporteringa, og for å sikre at alle punkt i vilkåret blir svart ut, har Statsforvaltaren utarbeida ein mal for denne årsrapporten som kommunane skal bruke. Siste versjon av dette skjemaet vart sendt ut til kommunane i april 2023.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Bjørnafjorden kommune har ikkje levert nokon årsrapport for 2024. Dette sjølv om Statsforvaltaren har etterlyst rapporten i fleire rundar i samband med gjennomgangen av verksemda si eigenkontrollrapportering for 2024.

Avvik 5: Overløp før OHARA reinseanlegg vert ikkje medrekna i anlegget sin reinsegrad

Dette er eit avvik frå følgjande krav gitt i regelverket

- Utsleppsløyvet punkt 2.3.3, om uttak av prøver, analyser og vurdering

- Forureiningsforskrifta § 14-11

Om krava

Dersom prøvetakinga av utløpsvatn frå reinseanlegget er lokalisert slik at prøva ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal det som går i overløp, målast, registrerast og reknast med i reinsegraden, sjå utsleppsløyyet punkt 2.3.3 og forureiningsforskrifta § 14-11.

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Siste pumpestasjon på avløpsnettlet som pumpar avløpsvatn til OHARA reinseanlegg, har tidvis overløp til sjø. Bjørnafjorden kommune har ikkje mengdemåling på dette overløpet, og reknar ikkje med overløpet inn i reinsegraden til OHARA reinseanlegg.

Årsaka til overløpa er truleg for liten pumpekapasitet i pumpestasjonen. Kommunen opplyste på tilsynet at pumpene i pumpestasjonen skulle skiftast ut, slik at kapasiteten i framtida blir tilstrekkeleg og ein unngår slike overløp.

Merknad 1: Verksemda manglar detaljerte tiltaksplanar for tiltak på avløpsnettlet

Observasjonar på tilsynet og vår vurdering

Bjørnafjorden kommune har fleire tiltak knytt til oppgradering og fornying av avløpsnettlet i gjeldande hovudplan for avløp. Kommunen har ingen andre meir detaljerte oversikter over tilstand, tiltaksbehov og planar for tiltak utover dette. Etter at kommunen har fått innhenta og systematisert grunnlagsdata om avløpsnettlet sin tilstand og deretter vurdert miljørisiko for avløpsanlegga, bør behovet for meir detaljerte planar vurderast. Vi viser her til vilkår 2.1 om miljørisikovurdering og handlingsplanar, vilkår 2.2.2 om tiltaksplanar for overvatn og krav om tiltak for å redusere overløp og lekkasjar i punkt 2.2.3 og 2.2.4 i løyyet.

Varsel om tvangsmulkt for retting av avvik

Vi varslar at vi vil vedta tvangsmulkt, jamfør forureiningslova § 73, for å sikre retting av følgjande avvik innan 1. januar 2026.

- Dokumentasjon på retting av avvik 1:
 - Innsending av miljørisikovurdering for heile avløpsystemet i Os tettbygde område (avløpsreinseanlegg, avløpsnett og pumpestasjonar)
- Dokumentasjon på retting av avvik 2:
 - Driftstid for kvart enkelt overløp på avløpsnettlet for 2024
 - Tal på samla mengder overløp på avløpsnettlet, angitt som prosent av totale avløpsmengder produsert i Os tettbygde område i 2024 (sjå %-kravet i vilkår 2.2.3 i løyyet)
 - Utrekna verknadsgrad for avløpsnettlet for 2024
 - Prosent redusert verknadsgrad i 2024 som følge av feil på leidningsnettlet (sjå %-kravet i vilkår 2.2.4 i løyyet)

Tvangsmulkta vil påløpe dersom vi ikkje har motteke skriftleg dokumentasjon på at avvika er retta innan fristen 1. januar 2026.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på kr 75 000 for mangel på retting av avvik 1 og kr 75 000 for mangel på retting av avvik 2. Storleiken på tvangsmulkta er sett ut frå ei vurdering av kor viktig det er å få retta avviket og kva det vil koste å gjennomføre tiltak.

Statsforvaltaren si vurdering

Avvik 1:

Statsforvaltaren ser alvorleg på at Bjørnafjorden kommune framleis ikkje har utarbeida ei miljørisikoanalyse for det totale avløpssystemet i Os tettbygde område. Dette sjølv om avviket vart peika på også ved førre tilsyn i 2020.

Miljørisikovurderingar er viktige, sentrale dokument i ei verksemd si internkontroll. Miljørisikovurderinga er eit svært viktig grunnlagsdokument for at kommunen skal kunne arbeide systematisk og planmessig med avløpsanlegga i kommunen. Vurderingane skal synleggjere kor i avløpssystemet risikoen for miljøet er størst, og kor det er størst behov for tiltak som betre rutinar, vedlikehald og oppgraderingar på kommunen sine avløpsanlegg. Miljørisikovurderingar er slik også eit viktig grunnlagsdokument for utarbeiding av overordna planar, tiltaksplanar og beredskap på avløpsområdet.

Avvik 2:

Statsforvaltaren ser også alvorleg på at kommunen framleis ikkje har oversikt over utsleppa på avløpsnettet. Avviket vart peika på ved førre tilsyn i 2020, og har også blitt kommentert i fleire av Statsforvaltaren sine tilbakemeldingar på kommunen sine årsrapportar dei seinare åra.

Dokumentasjon og oversikt over utslepp på avløpsnettet er viktige opplysningar for kommunen då dei seier noko om kor mykje av avløpsvatnet frå det tettbygde området som når fram til reinseanlegget og kor mykje som blir slept ut ureinsa til lokale resipientar. Utslepp frå avløpsnettet kan potensielt medføre fare både for miljø og helse i dei områda der utsleppa skjer. Oversikt over utslepp på avløpsnettet er også viktig for at kommunen skal kunne vurdere kor behovet for oppgradering og vedlikehald er størst, og er slik viktig grunnlagsdata for utarbeiding av miljørisikoanalyser og tiltaksplanar for avløpsanlegga.

De kan gi tilbakemelding på varselet

De har høve til å kome med merknader til dette varselet. Eventuelle merknader må sendast til Statsforvaltaren innan to veker.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at Bjørnafjorden kommune må betale eit gebyr på 51 900 kr for tilsynet. Dette svarar til sats 1 for tilsyn av inntil en dags varigheit og er gitt på bakgrunn av ressursbruk. Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.

De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassa.

Statsforvaltaren er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi viser til varsel om gebyr 1. juli 2025 og

til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkrevjing av gebyr til statskassa.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på vedtaket. Retten til å klage er gitt i forvaltningslova kap. VI. Ein klage bør grunnjevast skriftleg og skal sendast til Statsforvaltaren seinast tre veker etter at de fekk dette brevet. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og gebyret som er fastsett må betalast inn. Dersom klagen vert tatt til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert haldne. Vår heimel for å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok:

- Anette Heggøy
- Sissel Storebø
- Ingrid Leirvik Olsen

Kontaktperson hos verksemda:

- Agnete Haugland

Anlegg

Følgjande av verksemda sine anlegg vart kontrollerte under tilsynet:

- Avløpsanlegga i Os tettbygde område

Tema

Følgjande tema vart kontrollerte:

- utslepp til vatn frå reinseanlegg og leidningsnett
- kommunal planlegging
- internkontroll, inkl. risikovurdering, rutinar og avviksbehandling
- rapportering

Regelverk

Tilsynet omfatta følgjande regelverk:

- forureiningslova
- forureiningsforskrifta
- løyve etter forureiningslova frå Statsforvaltaren
- avfallsforskrifta
- internkontrollforskrifta
- produktkontrolllova

Dokumentasjon

Følgjande dokumentasjon vart lagt fram for å verifisere faktiske tilhøve:

- Kommunedelplan avløp 2022-2034
- Bergen Vann sitt internkontrollsystem BK-kvalitet
- Flytskjema for reinseanlegg
- Leidningskart
- Exceloversikt over alle overløp på avløpsnettet
- Førebelse utrekningar av verknadsgrad

Del 4: Annan informasjon

Andre tilhøve

Organisering av avløpsområdet i Bjørnafjorden kommune

Bjørnafjorden kommune sine avløpsanlegg blir drifta av Bergen Vann. Ny avtale om dette er inngått for nye 10 år, og ytterlegare 10 år på opsjon. Oppgåver som oppfølging av spreidd avløp og arbeid med investeringar og nyanlegg blir utført av kommunen sjølv.

Kommunedelplan for vassforsyning og avløp

Bjørnafjorden kommune vedtok ny kommunedelplan for vassforsyning og avløp i november 2023. Planen gjeld for perioden 2022-2034. Planen er ikkje tilgjengeleg på nettsidene til kommunen, og vi ber difor om å få planen tilsendt.

Overføring av nye område til OHARA

Bjørnafjorden informerte på tilsynet om at det er sett i gang arbeid med å overføre nye område til OHARA som ved utarbeidinga av gjeldande utsleppsløyve låg utanfor den geografiske avgrensninga til Os tettbygde område. Dette gjeld mellom anna Søvik, Skeisleira og Garvika.

Miljødirektoratet har fått laga eit kart som viser den geografiske utstrekninga av tettbygde område etter definisjonen i forureiningsforskrifta § 11-3 bokstav k. Karta viser tettbygde område med meir enn 200 innbyggjarar. Sidan SSB ikkje har oversikt over alt leidningsnett i alle kommunar, er karta noko mangelfulle med omsyn til å få med busetnad som ligg utanfor den geografiske avgrensninga til eit tettbygd område, men som er knytt til området gjennom leidningsnett (sjå § 11-3 bokstav k, siste avsnitt). Karta tar heller ikkje med hytteområde.

Dersom kommunen oppdagar feil i karta til Miljødirektoratet, ber vi om at dette vert meldt inn enten til Miljødirektoratet direkte eller til Statsforvaltaren. Sjå meir om karta og definisjonen på tettbygd område på Miljødirektoratet sine nettsider:

Om definisjonen og karta:

[Avløp-kommentarer - miljødirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/avlop-kommentarer)

Lenke til karta:

[Tettbebyggelser](#)

[Miljødirektoratet - Kartkatalog](#)

Overvaking av resipientane til Os tettbygde område

Bjørnafjorden kommune sitt resipientovervakingsprogram for Os tettbygde område vart utarbeida i 2022 (det er datert 11. mars 2022). Siste overvakingsrunde i resipientane vart gjennomført i 2022. På tilsynet vart det opplyst at det blir gjennomført ein ny overvakingsrunde i 2025.

Utrekning av verknadsgrad

Norsk Vann sin rapport 227/2017 *Beregning av forurensningsutslipp fra avløpsanlegg* kan vere til hjelp for å få oversikt over metodar for utrekning av verknadsgrad. Det vart på tilsynet opplyst om at det per i dag ikkje er gitt konkrete føringar for korleis utrekningar av verknadsgrad skal gjerast. Det er dermed opp til kommunen sjølv å velje metode. For at tala skal kunne brukast og gje oversikt over utviklingstrendar, er vi likevel opptatt av at kommunen så langt som råd bruker same metode frå år til år.

Vi ventar også at kommunen har eit bevisst forhold til utviklinga i den utrekna verknadsgraden. Eksempelvis kan kommunen gjerne sette eigne funksjonskrav til avløpsnett (i tillegg til løyvekrava) og/eller andre målsettingar for arbeidet med å betre avløpsnett sin verknadsgrad.

Vi minner elles om at overløp plassert rett før reinseanlegget ikkje skal reknast inn i avløpsnett sin verknadsgrad. Slike overløp skal i staden reknast inn i reinseanlegget sin reinsegrad, sjå avvik 5 over.

De kan kommentere på rapporten

De har høve til å kommentere på faktiske feil i denne rapporten. Eventuelle kommentarar må sendast til Statsforvaltaren innan to veker etter at rapporten er motteken.

Rapporten er offentleg

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland på www.einnsyn.no, i samsvar med offentleglova.

Rapporten vil også vere tilgjengeleg på nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Med helsing

Aslaug Aalen
miljødirektør

Lars Martin Berge Færseth
seksjonsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent